



Brit Marit Knudsen

Dato: 23.03.2012
Vår ref.: 12/231-7/K2-L32//BVG
Saksbeh. e-post:
bvg@forsand.kommune.no
Saksbeh. tlf.: 51 700 108
Dykkar ref.:
Att:

Melding om vedtak

Høyringsforslag til vegadresser i Forsand kommune.

Formannskapet behandla saka i møtet den 20.mars 2012, og følgjande vedtak blei gjort:

Forslag til vegnamn på dei ulike vegparsellane blir lagt ut til høring med tilhøyrande prinsipielle retningslinjer til vegadressering i Forsand kommune, med følgjande endringar:

Eikelandsvegen – nytt forslag Kleppavegen

Ytre Ryfylkevegen – nytt forslag Lysefjordvegen

Forsand kommune inviterer til å komma med forslag til namn på vegane i Bergebakkane.

Sjå vedlagte saksutgreiing.

Dette vedtaket kan de klage på (jfr, fvl. §28). Klagefristen er 3 veker frå de har fått melding om vedtaket.

For rådmannen

Bodil Vika Gjesteland
politisk sekretær



Forsand kommune

Saksframlegg

SAKSGANG		
Saksnr	Utval	Dato
010/12	Formannskapet	20.03.2012

Arkivkode	Saksbehandlar	Arkivsak/j.post
K2-L32	Brit Marit Knudsen	12/231 - 5 12/2019

Vedlegg:		
Dok.dato	Tittel	Dok.ID
08.03.2012	Vegnamn	60718
08.03.2012	Ytre Ryfylkeveg med sidevegar	60719
08.03.2012	Kolabygdvegen med sidevegar	60720
08.03.2012	Fossanvegen med sidevegar	60721
08.03.2012	Espedalsvegen med sidevegar	60722
08.03.2012	Eikelandsvegen med sidevegar	60723
08.03.2012	Fossmorkvegen med sidevegar.	60724
08.03.2012	Songesandsvegen med sidevegar	60725
08.03.2012	Lysevegen med sidevegar	60726

Høyringsforslag til vegadresser i Forsand kommune.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Forslag til vegnamn på dei ulike vegparsellane blir lagt ut til høring med tilhøyrande prinsipielle retningslinjer til vegadressering i Forsand kommune.

Behandling i Formannskapet 20.03.2012

Margareth Gjøse Larsen sette fram følgjande forslag:

Eikelandsvegen – nytt forslag Kleppavegen

Ved avrøysting røysta 3 for framlegget frå Margareth Gjøse Larsen (Margareth Gjøse Larsen, Ap. Ingeborg L. Søyland, Sp. Ole Tom Guse, Krf.) 2 røysta for rådmannen sitt framlegg (H)

Kåre Oaland sette fram følgjande forslag:

Industrivegen – nytt forslag Hagavikvegen

Ved avrøysting røysta 1 røyst for framlegget frå Kåre Oaland (Kåre Oaland, H) 4 røyster blei avgitt for rådmannen sitt framlegg.

Fossanhagen – nytt forslag Hagavika

Ved avrøysting røysta 2 for framlegget frå Kåre Oaland (Kåre Oaland, H. Margareth Gjøse Larsen, Ap.) 3 røyster blei avgitt for rådmannen sitt framlegg.

Hilde Levik sette fram følgjande forslag.

Kolabygdvegen – nytt forslag Kvalvågvegen

Ved avrøysting røysta 1 røyst for framlegget frå Hilde Levik, 4 røyster blei avgitt for framlegget frå rådmannen

Ole Tom Guse sette fram følgjande forslag.

Ytre Ryfylkevegen – nytt forslag Lysefjordvegen

Ved avrøysting røysta 3 for framlegget frå Ole Tom Guse (Ole Tom Guse, Krf. Ingeborg L. Søyland, sp. Margareth Gjøse Larsen, ap.) 2 røyster blei avgitt for framlegget frå rådmannen.

Forsand kommune inviterer til å komma med forslag til namn på vegane i Bergebakkane.

Framlegget frå ordførar blei samrøystes vedtatt.

FS-010/12 Vedtak:

Forslag til vegnamn på dei ulike vegparsellane blir lagt ut til høring med tilhøyrande prinsipielle retningslinjer til vegadressering i Forsand kommune, med følgjande endringar:

Eikelandsvegen – nytt forslag Kleppavegen

Ytre Ryfylkevegen – nytt forslag Lysefjordvegen

Forsand kommune inviterer til å komma med forslag til namn på vegane i Bergebakkane.

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	U	07.02.2012	Jon Fløysvik	Oppstartsmøte for utarbeiding av vegadresser i Forsand kommune.
2	I	13.02.2012	Eldrerådet	Ønsker informasjon om status for arbeidet.
3	U	20.02.2012	Reidar Høllesli; Jon Fløysvik; Martha thu; Gerd Marie Berge	Referat frå oppstartsmøte for utarbeiding av vegadresser i Forsand kommune
4	U	02.03.2012	Gerd Marie Berge; Jon Fløysvik; Martha thu; Reidar Høllesli	Referat frå møte i namnenemda 28 februar 2012

Anna		
Utval	Høyring	Behandling
Ungdomsråd		
Eldreråd		
Råd for funksjonsh.		
Arbeidsmiljøutval		

Samandrag/Fakta

Adresseprosjektet har stått på lista over investeringar i mange år. Omsider er prosjektet kome i gong. I namneutvalet, som består av leiar Reidar Høllesli, Marta Thu, Gerd Marie Berge og Jon Fløysvik, har det vore to møter. Det har òg møtt 2-3 frå administrasjonen på desse møta. Ein har laga oversiktskart til å visa slik at utvalet kunne sjå kva vegar dei skulle namngje. Nå har dei komme fram til eit forslag som dei syns kan leggest ut til høyring. Det er satt opp ein del småvegar som etter all sannsynleg heit bør ha adresse frå hovudveg men som kan ha tilleggsadresse.

Lover, forskrifter, rundskriv

Matrikkellova med forskrifter
Lov om stadnamn

Gjeldande planar, retningslinjer og vedtak

Adressevegledaren til Statens Kartverk
Handbok i adressering til Statens Kartverk

Vurdering og konklusjon

Namneutvalet har satt namn på dei vegar som er aktuelle å setja namn på. Dette ligg ved som kart over dei ulike vegparsellane. Vegen som går til Skrøyla blei det ikkje einigheit om kva skulle heita så den sendes til formannskapet for å få forslag til namn.

Administrasjonen har sjekka namn på vegar som går gjennom til nabokommunane. Med Strand kommune har me Riksveg og Fylkesveg. Riksvegen har dei Ryfylkevegen men nummereringa startar på Botsheia. Forslaget blei då Ytre Ryfylkevegen. Suldal har satt Indre Ryfylkevegen på same veg. Fylkevegen som går til Strand har dei satt namn Kvalvågvegen. Her var ein ikkje klar for dette namnet så den fekk forslag: Kolabygdvegen. Mot Hjelmeland så er det vegen til Songesand som er felles. Hjelmeland har satt same namn som forslaget er: Songesandsvegen. Frå Lyse til Sirdal er det foreslått Lysevegen. Har vært i kontakt med Sirdal og dei har ikkje namngitt ennå men på folkemunne er det Lysevegen.

Administrasjonen har fungert som eit sekretariat for namneutvalet. I den forbindelse har administrasjonen gått gjennom andre kommunar sine forskrifter og retningslinjer for å sjå kva vegleiing me kan gje til folk i kommunen vår med tanke på innspel til adresseprosjektet.

Har fått tilbakemelding frå Fylkeskartsjefen i Rogaland at kommune ikkje er nøydt til å ha adresseplan, skiltplan eller forskrift til adressering.
Administrasjonen foreslår at vegane med namn blir lagt ut til høyring med prinsippa og forslaga nedanfor som rettleiing.

Det er lagt ved kartblad som er teikna grønt for aktuell vegstrekk og satt på namn.

Generelle prinsipp:

- Nummereringa må ha eit utgangspunkt, eit "nullpunkt". Det vil seia at nummereringa startar i den enden av vegen som er nærast dette nullpunktet. Blindvegar og vegstubbar me eigne vegnamn, er nummererte frå der dei tek av frå hovudvegen. Når ein går/kjører i ein veg med stigande vegnummer, skal oddetala alltid vera på høgre

side, og partala skal alltid vera på venstre side. Prinsippet er at når ein står der vegen byrjar, er første hus til høgre nr. 1, og første hus til venstre nr. 2. (Sidevegar utan eige vegnamn, får berre oddetal eller berra partal, etter kva side av vegen dei er på.)

- På landevegar sprett nummereringa opp til heilt hundretal etter kvar heile kilometer. Til dømes 500 etter 5 km, 600 etter 6 km, 800 etter 8 km, osv. Dette er for å gjer det lett for uttrykkingskjøretøy, som nullstiller speedometeret der vegen byrjar og kjører fort 8 km dersom dei skal til hus nr.821.

I spreidd bygde strøk blir det hoppa over nummer, med tanke på framtidig utbygging. Å hoppa ti nummer opp mellom kvar gard, er ikkje uvanleg.

- Lov om stadnamn og generelle prinsipp for norsk rettskriving må leggest til grunn. Dvs. at bindestrekar og stor førebokstav inni ord, eller "aa" i staden for "å", ikkje kan akseptrast, sjølv der det finst ein viss sedvane eller reguleringsplanar med slike namnekonstruksjonar.
- Forsand kommune er plikta til å følgja gjeldande lovar og forskrifter i denne samanheng.
- Hus/eigedomar nær vegkryss, har adresse og nummer til den vegen dei har utkjørsel til.

"Nullpunkt" for nummerering på begge sider av fjorden:

Forslag:

Forsand kai og Oanes kai

Geografisk omfang:

Forslag:

Vegnettet i Forsand kommune. Ut frå det som står i vegledaren om adressering bør vegane som skal få eige namn vera minimum 2 kilometer lange eller ha minimum 5 bueiningar. Er forholda mindre enn dette bør dei få adresse frå vegen som dei ligg til og eventuelt få tilleggsadressenamn. (Til døme: NN, Fossmorkvegen 8, **Vika**, 4110 Forsand eller NN, Espedalsvegen 30, **Slettabø**, 4110 Forsand)
Gardsnamn kan krevjast inn i adressa viss det er ynskjeleg.

Prinsipp for val av vegnamn:

Geografiske namn, innarbeide namn(adm. tilrår berre dette)

Type blomsternamn, vikingekongar, nasjonalheltar(Adm. frårår dette, fordi det er nok geografiske og innarbeide namn å ta av.)

Nummerering av vegar, som i Måløy og New York. (Gate 1, Gate 2 osv. Adm. frårår dette, av same grunnen)

Heidring av lokale personar. (Adm. frårår det ev to grunnar. (1 Det vil alltid vera usemje om kven som bør og ikkje bør "heidrast". Grenseoppgangen vil bli vanskeleg, og kan skapa ugreie.) (2 Nålevande personar blir vanlegvis ikkje heidra med vegnamn i vestlige, liberale demokrati. Når slike personar ein gong fell frå, og det kunne bli aktuelt med heidring i form av vegnamn, er det kanskje bare ubetydelege vegstubbar at.)

Forslag:

Det blir bare brukt geografiske namn og innarbeidde namn. Person- og blomsternamn blir ikkje nytta som vegnamn i Forsand kommune.

Lengde på vegar:

Her er den mest ekstreme varianten Fylkesvegen frå Forsand kai og til Øvre Espedal. Namnutvalet har her valt å la vegen til Espedal starta frå Bergekrossen. (Mogleg at den kan dela den i krysset ved Helle bru og kalla den nok anna frå Bergekrossen til Helle bru men adm. fråstår det.)

Forslag:

Landevegane bør kunn bytta namn ved trafikknutepunkt. Som vegkryss. Heile lengder Fylkesveg/ Riksveg bør ha eit namn på heile strekket. For lange gjennomgåande vegar (riks-, fylkes-, kommunale og private vegar) kan adressenummerering skje etter avstandsprinsippet etter Matrikkelforskrifta § 52 nummer 2.

Sidevegar eller vegar:

Kor store eller små sidevegar skal ha eigne namn? I byggefelt er det fleire småvegar. I rettleiaren i adressering er det lagt føring for at vegar med meir enn 5 bustader, eller at vegen er meir enn 2 km. lang dannar grunnlag for eige vegnamn. Dette går på nummerering. Viss ein har fleire hus med ennå fleire bustader i på ei side av vegen så vil nummereringa hoppa veldig opp på til dømes oddetalsida men den vil ikkje gjera det på partalssida.

Forslag:

Namnenemnda bør vurdere kor mange hus/bustader ein sideveg skal ha, for å få eige vegnamn. Det bør leggast vekt på at det skal vera lett for framande og for uttrykkingskjøretøy å finna fram. Adressenummer langs vegadresseparsellar tildelast i medhald av Matrikkelforskrifta §52 nummer 1.

Skrivemåte:

Nynorsk, bokmål eller dialekt: Forsand har nynorsk administrasjonsmål, slik at valet må stå mellom nynorsk og dialekt.(Adm. vil tilrå normalisert nynorsk med berre milde dialekttilpassingar – til dømes ”kyrkjevegen”. Dersom ”Kyrkjevegen” skulle skrivast på dialekt ville ein måtte velja mellom ”Kjørkjevegen”, ”Kjørkevegen”, ”Kjerkevegen” og den mest ungdommelige ”Sjerkevegen”. Kanskje endå fleire variantar. (Namnet ”Gøysa”, ”Gjøysa”, ”Gjøse” har litt av den same problematikken.)

Dette er noko ein kan sjå på i namnenemnda, men ein slepp slik problematikk ved, i størst mogleg grad, å halda seg til normalisert nynorsk.

Ein må følgja normal norsk rettskriving. Alltid ”å” i gardsnamn, sjølv om set er utbreidd lokalt å skriva det med ”aa”. Dette gjeld m.a. alle samansetningar med gardnamn med ”å” i .Her må eventuelt namnekonsulentar trekkast inn, dersom det er nødvendig

Forslag:

Alle vegnamn skal i utgangspunktet tilpassast nynorsk stavemåte. Unntak kan gjerast for særskilt innarbeidde namn som kan lyda framandarta.

Skilting:

Skilt bør settast opp så snart som råd etter at nødvendige adressevedtak er fatta eller når berørte bygg og tiltak som gjennomføres får ferdigattest. Ein må òg få med skilting av næring i bygda i same runde.

Ved nye tiltak i eksisterande etablerte adresssystem som medfører utgifter til omskilting og liknande, skal nye tiltakshavar dekke dei kostnader som slike tiltak medfører.

Same myndigheit som har ansvar for oppsetting av skilt atter Matrikkelforskrifta § 57, har òg ansvar for vedlikehald av slik skilting. At skilta holdast synleg med omsyn til vegetasjon og andre sikthinder.

Hus nummerskilt skal plasserast på en måte som tydelig angir kva bygg/eigedom dei knytt seg til, og alltid være plassert slik at de er lett synlige frå vegen. Skilta skal holdas heile og reine, med tydelige tal og ev. bokstav (stor).

Er det vanskelig å sjå skilt frå vegen, skal nummerskilt òg settast opp på port eller særskilt stolpe i gjerdelinja, fortrinnsvis til høyre for innkjørsla.

Skilta sitt materiale og utforming:

I adressenamnskilt skal nyttast skilt 729 i Statens vegvesens skiltnormal.

Hus nummerskilt og tilvisningsskilt skal være av bestandig materiale.

Hus nummerskilta skal ha tydelig leselege teikn med teksthøgde på minst 105 mm.

Kommunen kan pålegge ansvarlige for hus nummerskilt å skifte eller utbede skilt som er mangelfulle, feilaktige eller manglande.

Forsand, 02.03.2012

Terje Nysted
rådmann